



# **KLUBBHANDBOK FOR HAREID IL FOTBALL.**

**Velkommen som tillitsvald i Hareid IL fotball**

## **Innholdsliste**

|                                                 |         |
|-------------------------------------------------|---------|
| Til alle tillitsvalde i Hareid IL fotball ..... | side 3  |
| Hareid IL fotball sin visjon og mål.....        | side 4  |
| Verdigrunnlag for Hareid IL fotball.....        | side 5  |
| Organisering av Hareid IL .....                 | side 6  |
| Organisering av lag i Hareid IL fotball.....    | side 6  |
| Økonomi- Plan for økonomistyring.....           | side 8  |
| Informasjon –kommunikasjon.....                 | side 8  |
| Rekrutteringsplan.....                          | side 9  |
| Utdanning og kompetanse.....                    | side 9  |
| Klubbdrift og rutinar.....                      | side 10 |

## Til alle som er tillitsvalde i Hareid IL fotball

**Målet med klubbhandboka har vore å lage eit oppslagsverk som alle kan nytte, både leiarar, trenarar og andre tillitsvalde i klubben. Spesielt nye personar i klubben som ikkje har noko erfaring frå før. Vi håper klubbhandboka kan bli eit dagleg verktøy for alle som er engasjert med tillitsverv i Hareid IL fotball.**

Det å vere tillitsvald i Hareid IL fotball krev i utgangspunktet at du har eit engasjement og ønsker i bidra til å gjere ein god jobb for fotballen. Hareid IL fotball er ein klubb som er heilt avhengig av dugnad og frivillig arbeid om ein skal klare å drive klubben på ein fornuftig måte. Hareid IL fotball ønskjer å kunne hjelpe alle nye tillitsvalde i gong slik at alle får ei mest mogleg positiv oppleving og at spelarane får mest mogleg ut av treningane.

Som tillitsvald i Hareid IL fotball er du VIKTIG! Veldig viktig!

Velkommen til oss 😊

Hareid IL fotball sin visjon og mål

**Hareid IL fotball skal vere ei naturleg tilhøyrigheit for barn og unge på Hareid. Klubben skal vere ein organisasjon for heile fotballfamilien; både spelarar, trenarar, leiarar, dommarar, foreldre, besteforeldre og elles andre innbyggjarar i Hareid**

Hareid IL fotball ønskjer å sikre at alle barn og unge som deltek i våre aktiviteter og arrangement kan gjere dette innanfor trygge rammer. Vi er opptekne av å utvikle alle i eit trygt og godt fellesskap, ikkje berre som fotballspelarar, men også som menneske. Vi skal bidra til eit trygt og godt oppvekstmiljø. Verdiane våre skal vere forankra i alt arbeid som blir gjort i fotballgruppa , og alle i Hareid IL fotball skal ha kjennskap til og jobbe etter desse verdiane.

All aktivitet i Hareid IL fotball skal byggast etter og følgje lovverket til NIF og NFF. Det er styret i Hareid IL fotball som er ansvarleg for all drift av fotballen. Styret blir vald av årsmøtet i Hareid IL fotball, som er idrettslagets øvste organ. Fotballgruppa er representert i Hareid IL sitt hovudstyre.

All aktivitet i klubben er drevet på frivillig basis der foreldre i hovudsak dekkjer trenarfunksjonar, lagsleiarfunksjonar og styret i gruppa. Utan denne flotte innsatsen og engasjementet frå foreldre og andre eldskjeler hadde det ikkje vore mogleg å drifte Hareid IL fotball.

Vi er utruleg stolte og takknemlege over det store engasjementet og frivillige arbeidet som vert lagt ned kvar einaste dag i Hareid IL fotball og håpar vi kan bevare dette i lang tid framover. I høve senioravdelinga er denne også drifta av entusiastiske eldskjeler på frivillig basis bortsett frå enkelte verv som har ein viss økonomisk kompensasjon.

Hareid IL fotball skal arbeide for:

- Å ha eit tilbod til alle alderssteg, både jenter og gutar, mellom 7-19 år
- Å gje alle moglegheit til å utvikle seg i eigen klubb.
- Å ha fokus på sosial og fotballmessig utvikling og prestasjonar.
- Å bidra til å skape gode haldningar hjå våre barn og unge.
- Å påverke til å ta ansvar for seg sjølv og andre både i og utanfor fotballmiljøet
- Å bygge aktivitet på verdiane respekt, toleranse, likeverd og solidaritet.
- Å vere ein leiande klubb innan «Fair Play»
- Å vere aktive på å utdanne fleire trenarar og leiarar i klubben

- Å ha eit sportsleg utval med sportsleg leiar, spelarutviklar og trenarkoordinator
- Å ha ei leiing og eit støtteapparat som folk i Hareid ynskjer å vere ein del av.
- Å vere ein klubb alle er stolt av å vere ein del av.

Vår visjon er:

**«Stolt av Hareid»- vi kan, vi vil og vi får det til !**

**Stolt-inkluderande-mestringskjensle**

## **Verdigrunnlag for Hareid IL fotball**

### **1.Fotball for alle**

Barnefotballen i Hareid IL skal byggast rundt visjonen om fotballglede og utfordringar for alle. Dette skal være uavhengig av ferdigheitsnivå, treningsiver, alder, kjønn og kulturell bakgrunn. Alle spelarar er like mye verdt i Hareid IL fotball.

### **2.Tryggleik + mestring = trivsel**

Tryggleik er eit sentralt element for å trivast. Barna i Hareid IL skal føle tryggleik i høve aktivitetar, sine lagkameratar og til dei vaksne i klubbens fotballmiljø. I Hareid IL skal aktivitetane i barnefotballen tilpassast slik at spelarane opplever mestring.

### **3.Fair Play**

Fair Play handlar om respekt. Hareid IL ønsker at det på trening, i kampar, på turneringar og også utanfor bana settast fokus på Fair Play, på verdiar som respekt, toleranse, likeverd og menneskeverd.

Dette er verdiar Hareid IL fotball set høgare enn resultatet i ein fotballkamp. Ved overtramp av Fair Play-prinsippa frå spelar på trening eller i kamp skal dette ha klare konsekvensar. Spelaren skal takast av bana ved alvorlige overtramp. Om episodar kvalifisera til å bli sendt heim, skal foreldre kontaktast. Alle spelarar og støtteapparatet skal kvart år informerast om Fair Play-prinsippa.

## **Organisering av Hareid IL**

Hareid IL er eit fleir-idrettslag med fotball, handball, friidrett, turn, badminton og trim som eigne grupper i laget. Disse utgjør klubbens hovudstyre der gruppene er representert med leiar. Over hovudstyret er klubbens årsmøte, som er vårt høgaste organ.

Vidare er fotballgruppa delt i to, med fotballstyret og yngres avdeling. Leiaren i yngres avdeling sit både i fotballstyret og i hovudstyret.

## **Organisering av lag i Hareid IL fotball**

Alle lag er organisert med trenarteam og lagsleiarar.

Lagsleiaren har følgjande hovudoppgåver:

Alle lagsleiarar skal kunne legge fram gyldig politiattest som beskrive i NFF sitt regelverk. Sjå klubbens retningslinjer for politiattestar.

Lagsleiar har ansvaret for det praktiske arbeidet i forbindelse med treningar og kampar. Lagsleiar skal setje seg godt inn i sportsplanen og bidra til at alle tillitsvalde i laget følgjer den.

I god tid før sesongstart skal det arrangerast foreldremøte der ein informerer om planar for laget gjennom sesongen. Dette skal gjerast i samarbeid med laget sine trenarar. Det skal blant anna opplysast om treningsopplegg, ambisjonsnivå, planar for reiser til cupar etc. På dette møtet skal ein også gå gjennom NFF's «Foreldrevettreglar»

### **Andre oppgåver for lagsleiar**

Namnelister over alle spelarar på laget, fødselsdato, telefonnummer, e post adresse, kontaktpersonar

Sende over naudsynte spelaropplysningar til klubbens daglege leiar/styreleiar fotball/SFK

Koordinere laget sitt dugnadsarbeid

Kontakt med motstandarlagets lagsleiar for praktisk gjennomføring av kamp.

Organisere transport til lagets bortekampar

Sørgje føre at det finst dommar til lagets heimekampar

Sørgje føre at drakter, ballar og anna utstyr er på plass til kampar og treningar.

### **I høve kampar har lagsleiaren følgjande oppgåver**

Ordne dommar på heimekampar, der dommar ikkje er sett opp frå kretsen. Betaling til dommar, pengar blir refundert mot innlevering av kvittering til administrasjonen.

Ta kontakt med motstandar og dommar i forkant for å ønskje velkommen til Hareid.

Husk dommarkort til heimekampar.

Sjekke draktfarge på bortelagets drakter ved eventuell draktlikskap.

Sørge for å være på plass tidsnok til å ta imot dommar og gjestande lag, vise dei til garderobe.

Husk å sende sms med kampresultat etter kampslutt – Korleis?: dette står på dommarkort.

Sjå til at hjørneflagg er sett ut, om du treng dette. Dei ligg på ballrommet.

Linjeflagg ligg også på ballrommet.

Merke om bana dersom det er 5-7-8 ar bane som skal nyttast

Sørge føre at utstyr er klart til kamp. Ballar, kjepler, vestar og medisinskrin, drakter og eventuelt drikkeflasker. Ballar til bortelag må ein også huske på.

### **Trenaren har følgjande oppgåver:**

Alle trenere skal kunne legge fram gyldig politiattest som beskrive i NFF sitt regelverk. Sjå klubbens retningslinjer for politiattester.

Trenaren har hovudansvaret for laget.

Han/hun skal førebu og gjennomføre treningar og kamp. Dette skal gjennomførast i henhold til retningslinjer gitt i klubbens sportsplan og skoleringsplan.

Trenarar skal setje seg godt inn i sportsplanen og følgje den.

Klubben forventar at ein deltek på trenerforum og samlingar i regi av klubb og krets.

Trenar skal sørge føre at treningar blir gjennomført på ein variert og god måte

Oppmøte på spelarane bør loggførast for alle treningar.

Lagets trenarar skal samarbeide på og mellom årskull. Dette gir gode moglegheiter for differensiering og eit tilpassa trenings- og kamptilbod for alle spelarar.

Kampar skal gjennomførast etter Fair Play-prinsippa slik at ein representerer Hareid IL på ein god måte.

Alle trenarar i Hareid IL ungdomsfotball skal ha eit bevisst forhold til Fair Play og sin eigen påverknadskraft ovanfor ungdomen. Trenar er ofte ein viktig voksenperson og førebilde for ungdomen i fotballmiljøet.

Hareid IL ber derfor alle trenarar om å gjere seg godt kjent med Fair Play prinsippa ( tipsa)

### **Økonomi- plan for økonomistyring**

Klubbens planar og retningslinjer for økonomistyring finner du på [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) under fana fotball.

### **Reklame, økonomiske tiltak, retningslinjer:**

Alle planar om inntektsbringende tiltak til eige lag skal avklares med styret før iverksetting. Det er ikkje tillate at laga skaffar seg sponsorer på eiga hånd. Alt dette skal gå igjennom fotballstyret. Alle kontoar skal stå i Hareid IL sitt namn og kan berre opprettast av klubbens hovudstyreleiar. Det er ikkje tillate å ha eigne lagskontoar som ikkje er registrert i klubbens namn. Ved oppløysing av lag blir attståande midlar på lagskontoar overført til klubbkassa. Ingen spelarar får med eigen «andel» av pengane vidare i andre klubbar.

### **Kontingenter og medlemskap**

For å være aktiv i Hareid IL fotball er det ein føresetnad at dei økonomiske forpliktingane blir oppfylt. Dette gjeld treningsavgift og medlemskap til Hareid IL. Prisane varierer litt i høve alder. Ingen skal ekskluderes på grunn av vanskelige økonomiske føresetnadar. Ved betalingsutfordringar tek ein kontakt med dagleg leiar og ei løysing blir behandla i full anonymitet.

### **Kommunikasjon og informasjon**

Våre hovudkanalar for informasjon er som følgjer:

Sportslig forum (for alle tillitsvalgte)

Foreldremøte (klubbens leiing stiller ved førespurnad)

Klubbens webside [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no)

Sosiale medier : Hareid IL- facebook

NFF og Fotballkretsen sine heimesider [www.fotball.no](http://www.fotball.no)



## Heimesider og sosiale medier

Ønskjer du å legge ut saker og informasjon fra ditt lag så tek du kontakt med klubbens leiing. Du kan eventuelt sende aktuell sak til dagleg leiar eller styret på e-post.

Hareid IL fotball har også ei Facebook side som nyttast til å spreie informasjon og linkar av ulik art. Denne heiter – **Hareid IL** . Gå inn og «LIK» sida. Elles oppretter dei fleste lag egne FB grupper til intern informasjon i laget. Klubbens leiing bør også får innsyn og bli knytt til disse gruppene. Elles oppfordrar vi til å bruke nettvett i slike samanhengar, og berre nytte gruppene til relevant informasjon som angår Hareid IL fotball. Vi ber elles våre tillitsvalde om å vise varsomheit på sosiale medier i aktivitet knytt til Hareid IL både i høve bileter og kommentarar.

## Rekrutteringsplan

Klubben har eigen oppstartsansvarleg og ein eigen plan for rekruttering av dei aller yngste inn til klubben. Denne planen finner du på [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) under fana fotball

## Utdanning og kompetanse

Kurs

C-lisens – B-lisens

Barnefotballkveld

Ungdomsfotballkveld

Leiarkurs

- Interne tilbud

Trenarforum

Sportsligforum

- SFK

ABC for lagsleiarar

- Sportsplan til Hareid IL fotball

Klubbens retningslinjer

**Kurs:** Kursing av trenarar vil være ein naturleg del av Hareid IL`s arbeid og det vil tilbydd kurs både intern i klubb og eksternt i regi av Sunnmøre fotballkrets. La ikkje det at ein ikke har den riktige kompetansen stoppe deg frå å ville bidra. Vi ønskjer først og fremst entusiastiske personer som ønskjer å bidra på ein

positiv måte. Det er alltid ei utfordring å vite korleis det skal gripes fatt i den nye trenerrolla når du ikkje har vore i den før. Dei første delkursene i **C-lisens** kurset er gode kurs som vil hjelpe deg i trenarkvardagen. Her får ein god innføring i korleis ein skal gripe fatt i dei yngste. Etter kvart som dei blir eldre er også dei andre kursa veldig relevant. **B-lisens** kurset er også eit veldig bra kurs, dette er for vidarekomne og har ein betydelig kostnad. Ønsker du å ta kurs, ta kontakt med leiinga, eller meld deg på ved høve.

**Interne tilbod:** Det vil bli kalla inn til trenerforum for trenargruppa og sportsleg forum for alle tillitsvalde med jamne mellomrom gjennom sesongen. Både for å sikre god kommunikasjon, men også å lære av kvarandre på tvers av laga. Det er viktig at du møter på disse møta, dette er ein viktig møteplass, og klubben er avhengig av at du bruker litt tid på dette.

**Krav til kompetanse som trenar:**

Barnefotball 6-12

Ein trenar pr lag med minimum barnefotballkvelden og ein trenar pr årskull med minst eit delkurs frå C-lisens.

Ungdomsfotball 13 -19

Ein trenar pr lag med minimum ungdomsfotballkvelden og ein trenar pr kurs med C-lisensutdanning

**Krav til kompetanse som leiar:**

Fleirtalet i klubbens styre skal minimum ha NFF`s leiar 1kurs.

**Klubbens rutinar**

Utstyr og bekledding

Alle laga skal ha utstyr. Drakter, ballar, kjegler, vestar, medisnutstyr etc.

Ved mangel på utstyr kontakt klubbens styre ved behov. Det blir årlig teke opp ei bestilling, her er det viktig at alle melder inn sine ønsker.

Alle må ta godt vare på utstyret! Det er begrenset kor mykje nytt utstyr vi kan kjøpe inn kvart år. Alle må være flinke å leite etter ballar etter trening og holde orden etc.

Hareid IL fotball har sin utstyrsavtale med Umbro via vår lokale forhandler MX-sport Hareid. Alle innkjøp skal gjerast der, med godkjenning fra klubbens styre

Det er klubbsal minimum ein gong pr år, i hovudsak. Her får ein kjøpt klubbens kleskolleksjon til sterkt rabatterte pris. Vi oppfordrar våre spelarar, trenarar og leiarar, samt andre som foreldre m.m til å kjøpe klubbkolleksjonen.

**Kvar lag får følgjande standardpakke som er beregnet på 12-15 spelarar:**

Ballar etter behov (etter antall spelarar på laget) – samt ballbag.

Kjeglehattar

Markeringsvestar

1spelartrøye + shorts

1 medisinskrin m/innhald.

*Utstyret bør oppbevarast i «ballrommet», alle får kvart sitt bur m/hengelås.*

Nøklar

Nødvendige nøkla blir utlevert fra anleggsansvarleg. Disse leveres vanligvis ut til trenarar og lagsleiarar. Dette gjeld for garderobeanlegg og reiskapshus.

Nøklar må ein personleg kvittere ut.

Det er viktig at nøklane leverast tilbake til administrasjon for å bli kvittert inn igjen, etter at vervet ditt har gått ut, og ikkje blir overlevert direkte til den som tek over vervet ditt. Du står som ansvarlig for nøkkelen inntil den er kvittert inn. Styret avgjer kven som har rett til nøklar.

Politiattest

Idrettslaget er pålagt å hente inn politiattest frå dei som skal påta seg eit oppdrag for idrettslaget. Den aktuelle personen må underteikne eit eige søknadsskjema som leverast til idrettslaget. Les meir på NIF`s heimeside [www.idrett.no/politiattest](http://www.idrett.no/politiattest)

Kontaktpersonar når det gjelder politiattest er nestleiar i hovudlaget eller sekretær i Yngres avdeling.

Foreldreengasjement

Ein av dei aller viktigaste føresetnadane for at Hareid IL skal lykkes er eit stort aktivt foreldreengasjement. Det er uhyre viktig å klare å engasjere mange foreldre både som lagsleiarar, trenarar, styremedlemmar, dommarar osv. Vi ønskjer å fortelle dei at det er deira ungar vi aktiviserer, og for å drive den aldersbestemte fotballen er ein heilt avhengig av at foreldre tek ansvar og engasjerer seg.

Kvart lag skal gjennomføre foreldremøte i forkant av sesongstart. Klubbens leiing kan stille på dette etter behov og ønskjer frå laget.

Hareid IL fotball sine foreldrevettreglar er som følger.

**FAIR PLAY – et samarbeidsprogram mellom Norsk Tipping og Norges Fotballforbund**

1. Støtt opp om klubbens arbeid – gjennom foreldremøter forankres fotballens og klubbens verdisyn.
2. Møt fram til kamper og treninger – du er viktig både for spillerne og miljøet.
3. Gi oppmuntring til alle spillerne i med- og motgang – dette gir trygghet, trivsel og motivasjon for å bli i fotballfamilien lenge.
4. Vi har alle ansvar for kampmiljøet – gi ros til begge lag for gode prestasjoner og Fair Play.
5. Respekter trenerens kampledelse – konstruktiv dialog om gjennomføring tas med trener og klubb i etterkant.
6. Respekter dommerens avgjørelser – selv om du av og til er uenig!
7. Det er ditt barn som spiller fotball. Opptre positivt og støttende – da er du en god medspiller!

*Det handler om respekt – ikke sant?*

## Treningar

Treningane føregår på klubbens anlegg på Hareid stadion. I hovudsak nyttar vi kunstgrasbana og til tider grasbana, fordeling av treningstider blir gjort av styret. På vinterhalvåret foregår noko av aktiviteten innandørs i hall/gymsal, alt etter kor mykje tid vi har tildelt. Den fordelte tida blir fordelt mellom laga. Som oftast blir dei laga som har meldt seg på futsal cup/serie prioritert.

Treningane utandørs starter opp for sesongen i januar/februar måned og held på til ca oktober/november, eller så lenge det er snøfritt. Dei fleste lag trenar også litt i sommarferien.

## Kamp og omberamming av kamp

Kamptidene er det fotballkretsen som sett opp før sesongstart. Om nokon skal endre kampar så skal omberammingsskjema fyllast ut. Husk alltid å snakke med både motstandar og oppsett dommar. Sjekk også om det er ledig bane på ønska tidspunkt. Skjema for omberamming av kamper finn du på SFK sine sider. [www.fotball.no](http://www.fotball.no)

## Treningstider

Alt av treningstider tildeles av styret. Spørsmål vedrørende trening og kamptider tek ein direkte med daglig leder. Alle endringar skal meldast til daglig leder på e-post.

## Klubbhuset og møterom

Klubbhuset og møterom er tilgjengelig til forskjellig bruk, møter, sosiale kvelder etc. Der er både videokanon og tv-signal. Book tid hjå daglig leder eller Tor Henning Andersen om de ønskjer å nytte klubbhuset.

## Garderobene

Det er fullt mogleg å bruke garderobeanlegget ved trening, men då er det viktig at laget ditt koster å rydder etter seg. Det er gutane/jentene sjølve som må rydde etter seg, og det er til ei kvar tid lagets trenar som er ansvarlig for at garderobene blir rydda og låst etter bruk.

## Banene

Det er viktig at alle lag ryddar etter seg på kvar trening. Teiprester, flasker, boss etc. Det er viktig at lagets leiarar og vaksne går føre og fokuserer på å ha det «rent og pent» på anlegget.

Videre er det viktig at måla blir flytta ut av bana etter bruk. På kunstgrasbana skal måla settast på sidefeltet etter bruk. Når det gjeld bruk av grasbana er det viktig at bana blir trukket etter bruk.

## Lysanlegget på KGB

Du skrur på lyset på kioskbuda. Brytar oppe på hjørnet. Men husk å slå av lyset når du er ferdig! Det siste laget som trenar skal alltid slå av lyset. Kjem det ingen etter dokka- så slå av lyset!

## Reiskapshuset /ballrommet

Lås alltid, etter at du har henta lagets utstyr. Prøv også å holde orden slik at det ikkje flyt med utstyr, attgløynde klede og rot.

## Påmelding av lag til serier, cupar og turneringar

Påmelding til lag i kretsseriane og miniturneringene i fotballkretsen blir gjort av daglig leiar. Antall lag som skal meldast på blir opptil det enkelte lags trenarar og i samråd med den som har det sportslig ansvaret til ei kvar tid.

Påmelding av lag til cuper og turneringer gjer det enkelte lag sjølv, faktura for påmelding sender ein til daglig leiar/kasserar etter påmelding.

## Dømming av kampar

**Aldersgruppa 6 – 12 År:** Dommaren blir ikkje sett opp av fotballkretsen. Det er opp til lagsleiar/trenar og skaffe dommar. Vanlegvis er det ein av trenarane/leiarane, eller ein av foreldra som dømmer disse kampane.

Det er ein fordel at dommaren har internt klubbdommarkurs for 7- fotball.

Ein kan bruke eldre spelarar i klubben, men dommaren må vere minst 2 år eldre enn den aldersklassa ein dømmer

**Aldersgruppa 13 – 16 År:** Dommar blir sett opp av krets i 1. divisjon, og dei eldste aldersklassane. Følg med på lagets terminliste for å sjå om det er oppsett dommar. Dersom kampen ikkje er sett opp med dommar, må lagsleiar skaffe dommar.

Fortrinnsvis skal klubbens rekrutteringsdommarar nyttast, eller klubbens kretsdommarar. Det vil medføre mindre kostnader.

**Dommerliste i Hareid IL:** Oppdatert liste over klubb, rekruttering og kretsdommarar finn du på heimesida [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no)

**Betaling:** For klubbdommarar betaler vi 200,- pr 7/11-er kamp eller miniturnering. Eige skjema finner du på hjemmesiden [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no)

For rekruttering og kretsdommar følgjer vi fotballforbundets satsar på eiga regning.

Dersom det er kiosk kan ein gjerne betale frå kioskens kasse, mot å legge igjen bilag/skjema med signatur av dommar. Vidare er rutinene at ein fyller ut

skjema med dommar sitt kontonummer og leverer/skanner til daglig leder/kasserer.

## Kontaktinformasjon

Kontaktinformasjon for alle tillitsvalgte i Hareid IL fotball finn du på heimesida vår [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no)

## Nyttige lenker

Tips og øvingar får du her: [www.treningsokta.no](http://www.treningsokta.no) (Pålogging får du med daglig leder)

Dersom det oppstår skader, gå inn på [www.fotballforsikring.no](http://www.fotballforsikring.no) for å fylle ut skadeskjema og les om forsikringsordninga.

Norges Fotballforbund finn du på [www.fotball.no](http://www.fotball.no) og Sunnmøre Fotballkrets finn du på [www.fotball.no/Kretser/sunnmore](http://www.fotball.no/Kretser/sunnmore)

Diverse skjemaer fra NFF finner du på <http://www.fotball.no/nff/Skjemaer>

Om du er fersk eller erfaren så finn du mykje nyttig informasjon på kretsen sine heimesider. Som lagsleiar er «**ABC for lagledere**» veldig nyttig, her får du svar på bortimot alt.

## Fotballforsikring

Her finn du all informasjon om fotballforsikring: [www.fotballforsikring.no](http://www.fotballforsikring.no)

På lenka kjem du vidare til moglegheiter for utvida forsikring, skademeldingsskjema, generell forsikring, idrettens skadetelefon, priser m.m. Alle aktive frå 13år må registrerast i FIKS, lagsleiarar er ansvarlege for å sjå til at dette blir gjort av FIKS-ansvarlig. Vidare er alle aktive i Hareid IL fotball pliktig til å betale klubbmedlemskap for at forsikringa skal være gyldig. Alle aktive i Hareid IL fotball er i utgangspunktet forsikra igjennom lagsforsikringa. Om nokon ønskjer utvida forsikring blir dette opp til den enkelte å teikne og betale sjølv.

## Idrettens skadetelefon

Ring 04420 for bistand og rådgjeving

## Dugnadsarbeid

Alle pliktar å stille på dei dugnadane styret kallar inn til i løpet av sesongen då dette er viktige inntektskjelder.

## Transportinstruks

Trafikksikkerheit er viktig for Hareid IL fotball. I den forbindelse har vi utarbeidet ein transportinstruks i høve køyring til og frå arrangement. Denne finner du på [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) under fana fotball

## Heimekampar skal gjennomførast etter NFF sine retningslinjer

Hareid IL fotball ønsker at det skal være liv og røre på stadion, og at våre heimekampar blir gjennomført i beste sportsånd. Her står Fair Play høgt, mest av alt ønskjer vi at våre arrangement på Hareid stadion skal være gode og ei flott oppleving for våre eigne og gjestane som kjem på besøk. I det høve har vi retningslinjer som heimekampane skal arrangeres etter. Disse finn du på [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) under fana fotball og dei heiter: Heimekampar gjennomførast etter NFF`s retningslinjer.

## Teknisk sone

I området rundt «innbytarbenkane» ønskjer vi at lagets trenarar og leiarar oppheld seg. Det betyr at foreldre og «heiagjeng» oppheld seg på andre sida av bana, eller i god avstand til teknisk sone. Dette for å få mest mulig ro og ryddige tilhøve for alle partar. Både spelarar, trenarar og dommarar. Våre retningslinjer for teknisk sone finner du på [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) under fana fotball.

## Sportsplan og hospitering

Klubben har eigen sportsplan for 6-19år som skal vere rettleiande for korleis vi jobbar i de ulike årskulla. Den skal samtidig vere eit verktøy for å oppretthalde eit best mogleg fotballtilbod i Hareid IL fotball. I denne planen kjem det fram tydelege retningslinjer rundt differensiering og hospitering blant anna.

Du finn sportsplanen og hospiteringsreglement samt mal for hospiteringsavtalar på [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) under fana fotball.

Du finn også retningslinjene for bruk av spelarar frå 16år til seniorfotball på [www.hareidil.no](http://www.hareidil.no) under fana fotball.



